








Nozibele e i tre capelli

Nozibele og dei tre hårstråa

-  Tessa Welch
-  Wiehan de Jager
-  Laura Pighini
-  italiensk / nynorsk
-  nivå 3

(uten bilder)





Tanto tempo fa, tre ragazze uscirono a raccogliere il legno.

...


For lenge, lenge sidan gjekk tre jenter ut for å samla ved.



Era un giorno molto caldo, quindi andarono al fiume a nuotare. Giocarono, si schizzarono e nuotarono nell'acqua.

...


Det var ein varm dag, så dei gjekk ned til elva for å symja. Dei leikte og plaska og sumde i vatnet.



Improvvisamente, realizzarono quanto fosse tardi. Si affrettarono a tornare al villaggio.

...


Plutseleg merka dei at det var vorte seint. Dei skunda seg tilbake til landsbyen.



Quando erano quasi a casa, Nozibele mise la mano intorno al suo collo. Aveva dimenticato la sua collana! “Per favore, tornate indietro con me!” Implorò le sue amiche, ma loro dissero che era troppo tardi.

...

Då dei var nesten heime, la Nozibele handa på halsen. Ho hadde gløymt halsbandet! “Ver så snill å dra tilbake saman med meg!” trygla ho veninnene sine. Men veninnene hennar sa at det var for seint.



Quindi Nozibele tornò al fiume da sola. Trovò la sua collana e corse a casa, ma si perse nel buio.

...


Så Nozibele gjekk tilbake til elva åleine. Ho fann halsbandet og skunda seg heim. Men ho gjekk seg vill i mørket.



In lontananza, vide una luce provenire da una capanna. Corse verso di essa e bussò alla porta.

...


I det fjerne såg ho lys som kom frå ei hytte. Ho sprang mot hytta og banka på døra.



Con sua sorpresa, un cane aprì la porta e chiese: “Che cosa vuoi?” “Mi sono persa e ho bisogno di un posto dove dormire” disse Nozibele. “Vieni dentro o ti mordo!” Disse il cane. Nozibele entrò.

...


Så forundra ho vart då det var ein hund som opna døra og sa: “Kva er det du vil?” “Eg har gått meg vill og treng ein stad å sova”, sa Nozibele. “Kom inn, elles bit eg deg!” sa hunden. Så Nozibele gjekk inn.



Poi il cane disse: “Cucina per me!” “Ma io non ho mai cucinato per un cane prima d’ora,” rispose lei. “Cucina o ti mordo!” Disse il cane. Così Nozibele cucinò un po’ di cibo per il cane.

...


Då sa hunden: “Lag mat til meg!” “Men eg har aldri laga mat til ein hund før”, svara ho. “Lag mat, elles bit eg deg!” sa hunden. Så Nozibele laga litt mat til hunden.



Poi il cane disse: “Fammi il letto!” Nozibele rispose: “Non ho mai fatto un letto per un cane prima d’ora.” “Fammi il letto o ti mordo!” Disse il cane. Così Nozibele gli fece il letto.

...


Då sa hunden: “Rei opp senga for meg!” Nozibele svara: “Eg har aldri reidd opp senga for ein hund.” “Rei opp senga, elles bit eg deg!” sa hunden. Så Nozibele reidde opp senga.



Ogni giorno, Nozibele doveva cucinare e spazzare e lavare per il cane. Poi un giorno il cane disse: "Nozibele, oggi devo andare a visitare degli amici. Spazza la casa, cucina il cibo e lava le mie cose prima che torni."

...


Kvar dag måtte ho laga mat og feia og gjera reint for hunden. Så ein dag sa hunden: "Nozibele, i dag må eg vitja nokre vener. Fei huset, lag mat og gjer reint før eg kjem tilbake."



Appena il cane se ne andò, Nozibele si strappò tre capelli dalla testa. Ne mise uno sotto il letto, uno dietro la porta e uno nel recinto. Poi corse a casa più veloce che poté.

...


Så snart hunden var dregen, tok Nozibele tre hårstrå frå hovudet sitt. Ho la eitt hårstrå under senga, eitt bak døra, og eitt i innhegninga. Så sprang ho heim så fort ho orka.



Quando il cane tornò, cercò Nozibele. “Nozibele, dove sei?” gridò “Sono qui, sotto il letto.” Disse il primo capello “Sono qui, dietro la porta.” Disse il secondo capello “Sono qui, nel recinto,” disse il terzo capello.

...

Då hunden kom tilbake, leitte han etter Nozibele. “Nozibele, kor er du?” ropte han. “Eg er her, under senga”, sa det første hårstrået. “Eg er her, bak døra”, sa det andre hårstrået. “Eg er her, i innhegninga”, sa det tredje hårstrået.



Il cane capì che Nozibele l'aveva fregato. Così corse al villaggio. Ma i fratelli di Nozibele lo stavano aspettando con dei grandi bastoni. Il cane scappò e non lo rividero mai più.

...

Då skjønnte hunden at Nozibele hadde lurt han. Så han sprang og sprang heile vegen til landsbyen. Men der venta brørne til Nozibele med store kjeppar. Hunden snudde seg og sprang bort, og han har ikkje vorte sett sidan.



Barnebøker for Norge

barneboker.no

Nozibele e i tre capelli

Nozibele og dei tre hårstråa

Skrevet av: Tessa Welch

Illustret av: Wiehan de Jager

Oversatt av: Laura Pighini (it), Espen Stranger-Johannessen, Martine Rørstad Sand (nn)

Denne fortellingen kommer fra African Storybook (africanstorybook.org) og er videreformidlet av Barnebøker for Norge (barneboker.no), som tilbyr barnebøker på mange språk som snakkes i Norge.

Dette verket er lisensiert under en Creative Commons

[Navngivelse 3.0 Internasjonal Lisens](https://creativecommons.org/licenses/by/3.0/).